Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 18.

Fylke: Oppland.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Lom.

Emne: Juletre og julehalm

Bygdelag: Böverdalen

Oppskr. av: Eiliv Brenna

Gard: Brenna.

(adresse): Böverdalen

G.nr. 113 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
84 aar gl. Brenna. Bonde naa paa føderaad

SVAR

1. Ja.
2. Her paa garden vart det juletre aar 1891 da eg var heimkomen umvaaren. Eg hadde set sovore medan eg var hjaa Christopher Bruun i Gausdal. – Alment kom det i bruk ved aarhundreskiftet.
3. Det hende at det stundom var juletre i skulestova for borni, men sjeldan.
4. Kann inkje minnast noko slik pynt fraa ungdomen.
5. Naa pyntes det i stova med grönt ogsaa um det er juletre, ofte paa dei svere slagklokkar paa peisen og i sprikker og sprunger i veggen.
6. Ymse fraa smaa buskar som staar paa bordet, til tre av mannshögd.
7. Før var det smaatt med pynten. Dei brukte tildels stekt pargen garn, fingran sokkeband, kardringer. Naa er det pynt av alt kjöpt paa kraambuom, som dei bruker. Det er ljos paa treet.
8. Mor og born.
9. Er festa paa ein fot og staar paa golvet.
10. Tender ljosi um julekvelden, naar alle er i pynt komne, og um det er festlege höve.

3964

og nyaarskveld, trettandagskveld og tjugandagskveld.

11. Dei gaar rundt treet alle som kann og syng julesalmane og songar etter songboken av Seip.

12. Til tjugandag jul stundom lenger og.

13. Julegaavorne vert lagde ned under juletreet. Og er det borni som faar lov til aa finne gaavorne fram og bere dei. Kann dei inkje lesa namni maa mori hjelpe dei. Er det etande som er hengt paa treet vert det „kausta", stundom fleire vendor, og paaathengt at slikt som frukt, sjakolade, gottor.

14. Helst gran. Her i Soknet var inkje gran og da bruka ein furu. Mange har no planta gran, og som tek ein av dei.

15. Ukjent her. –

16. Ukjent her.

17. Ukjent her

18 Ukjent. her

19. Ukjent. her.

3964

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING